



Sentrale personer i Uskedal Helselag (Arkivfoto frå opninga av Gull av grus).

Fleire har lurt på kva Helselaget gjer på. Då er det eit ypperleg høve å koma på årsmøtet. I årsmeldinga vert det opplyst om alle aktivitetar i 2019. Kvelden vert avslutta med medlemsmøte. Der planlegg vi basar i april, hjartemarsj i mai og demensaksjon i september. Vi ynskjer fleire med på laget. I helselaget kan kvar og ein få arbeida med det ein har mest interesse for, alt frå barnehage og skule til eldreomsorg.

Uskedal Helselag har dei siste åra hatt høg aktivitet med mange gode tiltak. Frå årsmeldinga deira 2018 les vi mellom anna om aktivitetar som:

- Basar
- Demensaksjon
- Fast gjest på Rosendalstunet med kaker og Syng med oss
- Laga middag til frivillige på Festidalen
- Støtta prosjektet Gull av grus
- Pakka og sende julegåver til Valen sjukehus
- Julehelsing til alle frå Uskedalen som bur på sjukeheimane og heimebuande i bygda over 90 år
- Løyvd midlar til gode føremål, mellom anna Hjarte/karforsking, kreftforsking og turberkulose

Styrketreninga for vaksne kvar måndag går etter oppsett plan.

Alle er velkomne til Årsmøte 2020 i Gamleskulen, tysdag 3. mars, kl. 19.00.

Tekst: Eli Roseth Eik/ Kristian Bringedal
Foto/nett: Kristian Bringedal